# 2.7 Falkvor Lommansson

**Oppskrift sommeren 1851 av L. M. Lindeman etter Olea Crøger, Mo, Telemark.**
**Orig.ms. NB ms 6874a:578, nr. 47. Lindemans manuskriptsamling, renskrift.**
**BIN 1207 TSB C 15**




**Hulda Garborg: *Norske Dansevisur,* Kristiania 1923, s.. 23 ff.**

1. Det var Torstein Davidsson,
han vilde til bryllaup bjoe;
og det var Falkvor Lommansson,
han let sine hestar ringskoe.
– Riddaren, vaagar han live sitt for ei jomfru. –

2. Det var aarle um morgonen,
soli ho ryr i dalar;
upp stend Falkvor Lommansson,
legg paa forgylte sâlar.

3. Ut so kjeme hans sæle mor,
taarir renne paa kinn.
”Kor agtast du av i dag,
du Falkvor, kjær sonen min?”

4. ”Eg vil prøve mine hommenn,
eg vil prøve min hest;
eg vil taka att vive mitt,
som Torstein Davidsson hev fest.”

5. Det var Falkvor Lommansson,
han seg av garde reid:
der grodde kje graset paa femtan aar
der hans graa gangaren steig.

6. Det var Falkvor Lommansson,
han kom seg ridand i gaard;
inn so springe den vesle smaadreng,
segjer han tidend ifraa.

7. Inn so springe den liten smaadreng,
segjer han tidend ifraa:
”Her stend fullt tune av herklædde menn,
og alle som duvune graa!”

8. Og det var fruva Vendelin,
ho saag seg att yvi herd;
daa saag ho Falkvor Lommansson
med herskeleg store ferd.

9. ”De take av meg mitt hovudgull,
og set paa meg silkeluve;
kjem han inn, Falkvor Lommansson
han helsar meg for ei fruve.”

10. Inn kom Falkvor Lommansson,
med høgan hatt i hende;
helsar han fruva Vendelin:
”So vel som eg deg mone kjenne!

11. Høyrer du, fruva Vendelin,
du tarv deg inkje løyne;
ute stend hesten apalgraa;
i dag skal du ’en røyne!”

12. Og det var fruva Vendelin,
ho slog sin neve mot bord:
”Var han heime, Torstein Davidsson,
du lyste kje slike ord!”

13. Det var Falkvor Lommansson,
han gjordest i hondo sterk;
so tok han fruva Vendelin
og sette paa høgan hest.

14. Og det var den vesle smaasvein,
han gjorde baad' reid og rann;
so reid han dei femtan vælske milir,
til han Torstein Davidsson fann:

15. "Her sit'e du, Torstein Davidsson,
og drikk'e mjød og vin;
Falkvor Lommansson er heime
og rid av med bruri di!"

16. Det var Torstein Davidsson,
han var so ille ved ord;
brune mjøden, i skaali var,
den rende han ned paa bord.

17. Upp stod Torstein Davidsson,
han ropar yvi all den gaard:
"De stande upp, mine gode hommnenn;
klæd dikkon i brynjune blaa!"

18. Det var seint um sundags eftan,
daa kvesste dei sine spjut;
det var aarle um maandags morgon,
daa reid dei herkjempur ut.

19. Det var Falkvor Lommansson,
han saag seg att yvi herd;
"Etter kjem Torstein Davidsson;
Vaarherre ver i mi ferd!"

20. Dei møttest utpaa Démannheidi
uti so tjukk ein gnyr;
branden beit og brynjo sleit
og røyken stod upp i sky.

21. Dei stridde der i dagar
og vel i dagane tvo;
att'e stod Torstein Davidsson;
alt folke de fall ifraa.

22. Heim-til reid Torstein Davidsson
med brotne sâlar og tome;
Falkvor spelar for bergjo nord
alt med sin rosens blome.

23. Det var Torstein Davidsson,
han syrgjer no ikkje saa saart:
”Her er so mange stolte jomfruvur
som stjønnune fylgjer nott!”
– Riddaren, vaagar han live sitt for ei jomfru. –